



DET KONGELEGE  
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 102

## (2002–2003)

### Om lov om statleg varekrigsforsikring

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 20. juni 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

#### 1 Innhald i proposisjonen

Nærings- og handelsdepartementet legg med dette fram utkast til lov om statleg varekrigsforsikring. Utkastet til lov inneber ei omlegging av heimelsgrunnlaget for staten sitt tilbod om varekrigsforsikring. Lovframlegget inneber at varekrigsforsikring vert etablert som eit beredskapssystem, som gjer det mogleg med risikodekning ved krise og krig. Lova kjem i staden for lov av 3. desember 1948 nr. 8 om Statens varekrigsforsikring. Statens varekrigsforsikring under leing av det eksisterande styret vil såleis avvikle verksemda etter ein overgangsperiode.

#### 2 Bakgrunn for lovframlegget

Statens varekrigsforsikring vart skipa ved lov av 3. desember 1948 nr. 8 om Statens varekrigsforsikring. Lova er i førearbeidet grunngeven ut frå beredskapsomsyn ved at ho skal bidra til å sikre forsyningar til landet og norske interesser mot tap som følgje av krig. Vidare skal ordninga gjere det mogleg å oppretthalde næringsverksemd i ein krigstilstand.

I statsbudsjettet for 2003 vart det lagt fram forslag om at tilbodet i Statens varekrigsforsikring i si noverande form skal avviklast. Varekrigsforsikring vil såleis ikkje lenger vere ei statleg oppgåve i fred-

stid, jf. St.prp. nr. 1 (2002–2003) frå Nærings- og handelsdepartementet. Samstundes vart 1,15 mrd. kroner av kapitalen under ordninga vedtekne betalte inn til statskassa. Det er likevel føresett at ein skal halde fram med statleg varekrigsforsikring som eit beredskapssystem. I statsbudsjettet for 2003 vart det varsla at departementet vil etablere det nye beredskapssystemet i 2003. Dette vil vere viktig for å kunne oppretthalde forsyning og transport av varer i krisesituasjonar der den private marknaden ikkje vil vere tilstrekkeleg, eller det ikkje vil vere eit privat tilbod. Departementet vurderer det derfor slik at lov om Statens varekrigsforsikring av 3. desember 1948 bør erstattast av ei beredskapslov.

Det er departementet si vurdering at ein må synleggjere plassen til den nye ordninga i beredskapssystemet, slik at dette blir eit verkemiddel tilpassa ein situasjon der trusselbiletet er vanskeleg å føresjå. Det er departementet si vurdering at ei ny lov så vidt mogleg bør få verknad frå 1. januar 2004.

#### 3 Gjeldande rett i Noreg

##### *Organisering*

Varekrigsforsikring er forsikring av varer under transport mot farar knytte til krig eller krigsliknande handlingar. I Noreg er denne typen forsikring

organisert m.a. gjennom Statens varekrigsforsikring med eit eige styre. Fram til 1. april 1994 hadde Statens varekrigsforsikring egne tilsette som forvalta forsikringsordninga. Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK) overtok administrasjonen av ordninga frå 1. april 1994, etter avtale av 15. november 1993. Statens varekrigsforsikring har ikkje egne tilsette. Tenester knytte til forvaltning av ordninga vert kjøpte frå GIEK. Tilbod om forsikring blir gitt gjennom agentar, dvs. private forsikringsselskap.

#### *Tilbod i freds- og krigstid*

Varekrigsforsikring vert vanlegvis teikna i tillegg til vanleg transportforsikring, som ikkje dekkjer krigsrisiko. Dagens modell gir eit statleg tilbod om varekrigsforsikring både i fredstid og krigstid. Ordninga gir eit tilbod om varekrigsforsikring til norsk næringsliv i fredstid som kan førast vidare utan opphald dersom det blir fare for krig. I krigstid femner ordninga om inngrep av framand statsmakt når inngrepet heng saman med krig eller krigsliknande forhold. Tap som skuldast inngrep av eiga statsmakt blir ikkje erstatta. I fredstid gir forsikringa eit tilbod om å forsikre verdiane mot krigsrisiko til eigarar av varer under transport gjennom område prega av krig.

#### *Dekningsområde*

Statens varekrigsforsikring gir tilbod om transportforsikring som femner om både sjøtransport, landtransport og lufttransport.

Dei norske vilkåra har tradisjonelt vore utforma i samarbeid med dei norske forsikringsselskapa, slik at dei saman med dei sivile transportforsikringane gir ei fullstendig løysing. Den vanlegaste måten å dekkje krigsrisiko på, er i form av ein eigen polise som er knytt til ei sivil transportforsikring. Krigsdekninga for varetransport vart ytterlegare tilpassa sivildekninga i 1996, slik at den følgjer heile transporten. Den kan derfor omfatte alle typar transport, omlasting og lagring som er dekt av sivildekninga.

#### *Kapitalbase*

Sidan ordninga vart oppretta har kapitalen i selskapet auka. I 1999 vart 1,5 mrd. kroner av ein kapitalbase på til saman 2,4 mrd. kroner betalte inn til statskassa, jf. St. prp. nr. 1 (1998–99) frå Nærings- og handelsdepartementet. Ordninga vart ført vidare med ein kapitalbase på 900 mill. kroner.

Pr. 31. desember 2002 var eigenkapitalen i over-

kant av 1,25 mrd. kroner. I 2003 vert det tilbakeført 1,15 mrd. kroner til staten. Samstundes er det gitt ei trekkfullmakt for Nærings- og handelsdepartementet på 1 000 mill. kroner for å dekkje eventuelle erstatningsutbetalingar. Det er att likvide midlar på om lag 160 mill. kroner under ordninga. Departementet legg til grunn at dei plikter som no gjeld vil bli avvikla i 2003. Ein kan ikkje heilt sjå bort frå at plikter i høve til omsetningspolisar kan føre til utbetalingar i 2004.

Rekneskapen for 2002 syner at dei samla brutto premieinntektene var på om lag 1,4 mill. kroner. Administrasjonsgebyret til GIEK utgjorde 1,8 mill. kroner. Det var ikkje skadeutbetalingar i 2002. Det er heller ikkje utbetalt erstatning frå fondet i 2000 og 2001.

I statsbudsjettet for 2003 er det lagt til grunn at det frå 2003 ikkje vil bli gitt nye tilsegner. Departementet har bedt om å bli informert dersom ein skulle komme i ein situasjon der styret i Statens varekrigsforsikring vurderer det som aktuelt eller naudsynt å inngå nye polisar.

## **4 Gjeldande rett i utlandet**

I dei fleste landa i Europa har private forsikringsselskap som hovudregel eit tilbod om varekrigsforsikring i fredstid. Den norske løysinga med eit statleg tilbod både i fredstid og krigstid er såleis sær eigen. Når det gjeld varekrigsforsikring i krigstid er det vanleg at staten har ei sentral rolle, anten ved å tilby varekrigsforsikring direkte eller gjennom reasurans.

Dei europeiske landa har valt ulike løysingar ut frå geografi og finansiell- og militær styrke. Omsynet til beredskapen er derfor tillagt ulik vekt i dei ulike landa.

Danmark hadde frå 1939 til 1994 eit statleg tilbod av varekrigsforsikring gjennom «Dansk Krigs-Søforsikring for Varer». Den statlege ordninga vart lagt ned i 1994 etter at ei evaluering konkluderte med at det private tilbodet var tilstrekkeleg utvikla til å dekkje behovet for varekrigsforsikring. Det eksisterer i dag ikkje noko statleg beredskapsopplegg for varekrigsforsikring i Danmark.

I Sverige er det i fredstid berre tilbod om varekrigsforsikring frå private forsikringsselskap. I situasjonar med krig eller krise vil staten gå inn som direkte forsikringsgivar, dvs. at staten gir transport- og kjøretøyforsikring mot krigsrisiko, og mot risiko for at varer eller kjøretøy kjem under embargo eller på annan måte blir haldne attende. Den gjeldande lova er ei beredskapslov og inneheld føresegnar for

når ho blir sett i kraft. Forvaltninga av oppgåvene som lova handlar om er lagt til Krigsforsikringsnemnda. Nemnda har i denne samanhengen inngått avtaler med dei private forsikringsselskapa om at selskapa ved krigsutbrott skal fungere som nemnda sine agentar for sal av varekrigsforsikring. Gjennom desse avtalene tek staten på seg ansvaret for heile krigsrisikoen som blir dekt av dei løpande transportforsikringane i private forsikringsselskap, og som er knytte til svenske interesser.

## 5 Den internasjonale marknaden for varekrigsforsikring

På den internasjonale marknaden dominerer Institute of London Underwriters (IUA) og Lloyds. Londonmarknaden har tradisjonelt hatt ein stor kapasitet som kan nyttast anten direkte eller til reassuransse for forsikringsselskap elles i verda. I denne private marknaden kan ein teikne forsikring for dekning av einskilde reiser, hovudsakleg sjøtransport. Det er også mogleg å teikne separat forsikring for lufttransport, og i ei viss utstrekning for landtransport.

Til liks med dei internasjonale aktørane følger Statens varekrigsforsikring Londonmarknaden og nyttar signala derifrå som rettleiing for sitt tilbod. Premieindikasjonane frå War Risk Rating Committee er utgangspunkt for premiefastsetjing for einskilde transportar og oppbygginga av premiesystemet.

Den vanlegaste forma for risikoavlasting er reassuransse på Londonmarknaden. Statens varekrigsforsikring har i dag ei reassuransseavtale. Avtala dekkjer sjøtransport og avdekkjer ein stor del av risikoen som Statens varekrigsforsikring er utsett for i situasjonar med lågt eller moderat konfliktnivå i verda. Krigsforsikringane i Londonmarknaden har ein automatisk klausul for opphøyr ved stormaktskrig.

## 6 Framlegg til lov frå departementet

Departementet legg i dette kapitlet fram sine vurderingar omkring behovet for eit statleg tilbod om varekrigsforsikring og korleis dette kan organisert mest mogleg formålstenleg.

### 6.1 Departementet sine vurderingar

Statens varekrigsforsikring er skipa ved lov av 3. desember 1948 nr. 8 om Statens varekrigsforsikring.

I § 1 i lova blir det slått fast at staten «overtar transportforsikring mot krigsfare». Departementet meiner det i denne ordlyden synest å liggje ei plikt for staten til å tilby varekrigsforsikring for nærare avgrensa risikosituasjonar.

### *Om behovet for eit statleg tilbod om varekrigsforsikring*

Det er departementet si vurdering at det ikkje er behov for eit statleg tilbod om varekrigsforsikring i normale situasjonar der ein legg til grunn at eit privat forsikringstilbod ligg føre. Samanlikna med andre land er den norske modellen med eit tilbod både i fredstid og krigstid særeigen. Departementet legg til grunn at den private forsikringsbransjen vil kunne tilby varekrigsforsikring dersom det statlege tilbodet fell bort i fredstid.

Ved krig vil alle varetransportar vere utsette for krigsfare frå transporten startar. Verdien av varer og frakt sett i høve til den auka risikoen vil vanskeleg kunne bli dekt gjennom private assurandørar. Truleg vil den samla risikoen vere så stor og så vanskeleg å fastsetje at varetransportar ikkje kan dekkest etter vanlege forsikringsprinsipp. Private krigsassurandørar sikrar seg derfor med klausular for oppseiing i tilfelle Noreg skulle komme i krig. Tilsvarende omsyn gjer seg gjeldande ved stormaktskrig, då det er truleg at reassuransemarknaden vil bli sterkt avgrensa.

Det er departementet si vurdering at høvet til å kunne teikne krigsforsikring av varetransport i krigstid ville bli avgrensa utan ei eiga norsk ordning for teikning av krigsforsikring. Eit privat tilbod vil truleg falle bort ved alvorleg krise eller krig. Det er derfor naturleg at staten, av beredskaps- og næringsomsyn, kan gje eit tilbod til norsk næringsliv under ein eventuell krig, ved krigsfare eller alvorleg krise i Noreg eller andre delar av verda («ekstraordinære kriseforhold») der norske interesser kan bli påverka. Departementet meiner derfor at ei løysing basert på eit privat tilbod i normale situasjonar og eit statleg tilbod i situasjonar med krise eller krig vil vere tilfredsstillande, både med tanke på beredskapen og økonomisk sett.

### *Forsyningsberedskap*

Innafor forsyningsberedskapen er det eit viktig mål å leggje til rette for maksimal utnytting av industri- og varehandelsressursane i landet med sikte på å dekkje behovet for varer og tenester ved krise og krig. Dette femner m.a. om viktige matvarer, industriråvarer og -komponentar, og varer og tenester og bygg-/anleggsressursar til Forsvaret. Tilsvaran-

de vil det vere viktig for norsk næringsliv og allierte interesser å oppretthalde forsyning/eksport av viktige råvarer som til dømes fiskeprodukt, petroleum og andre industriprodukt. Departementet meiner det er viktig å ha eit system for varekrigsforsikring som gir brukarane tryggleik for at det ligg føre eit tilbod i ein krigs- og krisetilstand. Uvisse rundt dette kan verke hemmande på handelsstraumane i situasjonar der forsyninga kan vere vanskeleg.

Noreg har lange forsyningsliner, noko som gjer at behovet for å sikre forsyningar til landet i ein kriesituasjon er større enn for land på kontinentet. Transport er ein sentral faktor, og norsk sjøtransport vil i ei tryggingpolitisk krise vere viktig for nasjonal og internasjonal varehandel, for innanlands varedistribusjon langs kysten, for flytting av ressursar (t.d. frå Sør-Noreg til Nord-Noreg) og for støtte til Forsvaret innafor totalforsvarskonseptet. I tillegg til sjøtransport er også luft- og landbasert transport viktig for distribusjons- og støttesystema.

Den tryggingpolitiske situasjonen i dag tilseier at Noreg i ein beredskaps-/krigstilstand kan kjøpe dei viktigaste varene på normal måte, men at ein i planlegginga må ta omsyn til mogleg mangel på enkelte varer. Verksemdar søkjer i dag å redusere lagra og basere seg på produksjons- og distribusjonssystem der tidsfaktoren er viktig. Trekk ved situasjonen i dag og utvikling innan industrien er internasjonalisering, spesialisering, utstrekt bruk av underleverandørar og «just in time»-prinsippet. Med nokre få unntak er det små lager av viktige matvarer og andre viktige varer i landet. Det er departementet sitt syn at fråvere av krigsrelaterte forsikrings-/erstatningsordningar vil kunne svekke tryggleiken for forsyning. Varekrigsforsikring er derfor i krigs- og kriesituasjonar eit viktig verkemiddel for å sikre tilførselen av forsyningar til heile landet og sikre norske interesser innan varetransport.

### *Beredskapslovgiving*

Statens varekrigsforsikring er knytt til beredskapsystem gjennom lov av 17. juli 1953 nr. 2 om erstatning for krigsskade på eigedom og interesse (Krigsskadelova). I føresegna om iverksetjing, § 36 andre ledd nr. 4, er det vist til Statens varekrigsforsikring. Det går fram av føresegna at føresegnene i lov om Statens varekrigsforsikring gjeld uendra til Kongen fastset noko anna. Med framlegg om ei ny lov om statleg varekrigsforsikring må tilvisinga til den gamle lova frå 1948 i § 36 andre ledd nr. 4 takast ut. Departementet kan heller ikkje sjå at det er naudsynt at det blir vist til den nye lova om statleg varekrigsforsikring i Krigsskadelova.

Mot slutten av 1940-talet og 1950-talet fekk ein

eit sett av beredskapslover, som i krigstid eller når krig trua, men også i fredstid, gav styresmaktene fullmakt til å sette i verk planlegging av beredskapsiltak, t.d. gjennom Forsyningslova av 1956. Sjølv om varekrigsforsikring ikkje direkte kan samanliknast med tiltak etter desse beredskapslovene, er det viktig at styresmaktene har eit sett av verkemiddel, som til saman skal sikre eit forsvarleg beredskapsnivå, ut frå den tryggingpolitiske situasjonen som ligg føre.

### *Forsikringsverksemdslova, EØS-direktiva for forsikring og forsikringsavtalelova*

Statens varekrigsforsikring fell inn under EØS-avtalen, men er unntatt frå forsikringsverksemdslova. Departementet har bedt om vurderingar når det gjeld den føreslegne ordninga i høve til lover og forsikringsdirektiv.

Etter dei råda som ligg føre, kan ein konkludere med at forsikringsverksemdslova ikkje gjeld, etter som statleg varekrigsforsikring som foreslått i ny lov er ei ordning som er styrt av staten, jf. forsikringsverksemdslovas §13–1.

Varekrigsforsikring fell i prinsippet inn under m.a. EØS-avtala, men trygging sunntaket i EØS-avtalen artikkel 123 c) og dei relevante frihandelsavtalene gir høve til å treffe tiltak som annars vil kunne vere i strid med avtalene. Ein legg til grunn att trygging sunntaket dekkjer dei situasjonar som varekrigsforsikringa tek sikte på.

Departementet kan ikkje sjå at tilbodet om statleg varekrigsforsikring vil fortrenge andre private forsikringstilbod. Departementet konkluderer såleis med at forsikringsdirektiva heller ikkje gjeld. Ordninga vil såleis ikkje vere undergitt tilsyn frå Kredittilsynet. Beredskapsordninga vil først bli aktivert når eit privat forsikringstilbod ikkje ligg føre eller ikkje er tilstrekkeleg, slik at den føreslegne ordninga truleg ikkje vil vere mogleg å forsikre i den private marknaden.

Vi legg til grunn at forsikringsavtalelova ikkje gjeld med mindre anna vert fastsett i medhald av § 5 i lova.

## **6.2 Val av modell**

### *Organisasjonsform*

I val av organisasjonsform for eit nytt beredskapsystem er det teke omsyn til ei effektiv utføring av dei oppgåvene som er lagt til beredskapssystemet og som gjer det mogleg å få ei rask og fleksibel administrativ tilpassing til ein situasjon med høg risiko.

Eit godt beredskapssystem kan ein få ved at det blir etablert ein beredskapsorganisasjon i form av eit forsikringsforum i regi av Nærings- og handelsdepartementet. Forumet vil inkludere representantar med forsikringsfagleg kompetanse. Det er og viktig med omsyn til dei interessene næringslivet (brukarane) har.

Forumet vil i normale situasjonar ha som oppgåve å vere oppdatert om utviklinga på forsikringsområdet generelt og for varekrigsforsikring spesielt. Ei anna oppgåve vil vere å overvake marknaden i situasjonar med krise eller krig og gi råd til departementet om å setje i verk ei ordning med statleg varekrigsforsikring dersom utviklinga i den private marknaden skulle tilseie det.

Den nye beredskapsorganisasjonen vil ha eit eige sekretariat og vil inngå i den totale kriseorganisasjonen i departementet. Sekretariatet vil m.a. ha til oppgåve å halde ved like det som blir kravd for å etablere varekrigsforsikring i statleg regi.

#### *Om styringsmodellen i beredskapsordninga*

Beredskapsforumet vil ha ei rolle som rådgjevar overfor departementet og vere ein del av den samla kriseorganisasjonen i departementet. Departementet vil få ei sterkare rolle i takt med eit aukande krisenivå, og spesielt dersom den private marknaden for varekrigsforsikring ikkje kan halde fram med normal verksemd.

I tilfelle der Kongen vedtek å etablere eit tilbod om statleg varekrigsforsikring ut frå framlegget til lov, bør det etter departementet sitt syn utnemnst eit styre som byggjer på eit førebudd opplegg og med fullmakt til å leie den daglege verksemda. Styret må og ha forsikringsfagleg kompetanse og ha basis i beredskapsforumet.

Styret vert utnemnt ved kgl. res fremja av Nærings- og handelsdepartementet, men slik at departementet fastset samansetjinga av styret. Styret skal sjå til at forvaltninga av verksemda er tilfredsstillande organisert og syte for den daglege drifta av statleg varekrigsforsikring. Styret skal melde frå til departementet om dei økonomiske tilhøva knytte til verksemda og utføre oppgåver på vegner av departementet. Det faste sekretariatet skal og vere sekretariat for styret.

Det er departementet sitt ansvar å trekkje styret og sekretariatet inn i kriseorganisasjonen i departementet når det er naudsynt.

Eit spørsmål er behov for å gje ei føresegn om plikt til å la seg oppnemne i styret til varekrigsforsikringa, ut over heimel i lov av 14. desember 1956 nr. 7 om forsynings- og beredskapstiltak. Departementet har vurdert det slik at det ikkje vil vere føre-

målstenleg å nytte heimel for utskrivning t.d. i ein situasjon der det ikkje er krig eller krise i Noreg.

### **6.3 Vilkår**

Ved vurdering av om ein skal tilrå å aktivere eit tilbod om statleg varekrigsforsikring bør ein etter departementet si vurdering leggje vekt på:

- om krig, krigsfare eller alvorleg krise kan hindre varetransport og varehandel og omfatte norske interesser
- om det private forsikringstilbodet kan komme til å falle bort, ut frå vurderingar i så vel norske som utanlandske verksemdar.

Departementet vil i si vurdering og ta omsyn til generelle risikovurderingar og konsekvensar for viktig næringsverksemd. Det er såleis ikkje utan vidare slik at ein vil tilrå å aktivere eit tilbod om statleg varekrigsforsikring sjølv om det er vesentlege endringar i det private forsikringstilbodet. Departementet må gjere ei brei vurdering. Ut frå same vurdering vil ein tilrå å avslutte tilbodet om statleg varekrigsforsikring dersom dei vilkår som er nemnde ikkje lenger er til stades.

I lovframlegget er omtalt krig, krigsfare eller ekstraordinære kriseforhold som eit vilkår som må vere oppfylt for å tilrå vedtak om aktivering av statleg varekrigsforsikring. Etter departementet sitt syn er det ikkje mogleg med presise definisjonar av desse omgrepa, men det er viktig med tilstrekkeleg fleksibilitet i forhold til moglege situasjonar nasjonalt og internasjonalt, t.d. også «asymmetrisk krigføring», samtidig som ein ikkje tek sikte på å utvide verkeområdet for varetransportforsikring.

## **7 Synet til høyringsinstansane**

Høyringsnotat om lov om statleg varekrigsforsikring vart ved brev av 25. februar 2003 sendt til:

- Finansdepartementet
- Forsvarsdepartementet
- Justis- og politidepartementet
- Utanriksdepartementet
- Den Norske Krigsforsikring for Skib
- Finansnæringsens hovedorganisasjon
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Handels- og Servicenæringsens Hovedorganisasjon
- Garanti-Instituttet for Eksporthandel (GIEK)
- Statens varekrigsforsikring v/GIEK

Utkast til odelstingsproposisjon vart ved brev av 5. mai 2003 sendt til dei departementa som er nemnde ovanfor.

Ingen av høyringsinstansane har innvendingar mot forslaget om at statleg varekrigsforsikring blir etablert som ei beredskapsordning. Det er heller ingen vesentlege innvendingar mot innretning og verkeområde, sjølv om det har kome kommentarar i forhold til t.d. «ekstraordinære kriseforhold» og «norske interesser». Det er og stilt spørsmål ved om det er rett å opprette beredskapsordningar som ikkje er i funksjon i det daglege.

Finansdepartementet hadde merknader av budsjetteknisk art når det gjeld fullmakt til å inngå avtaler om forsikringsansvar og løyving i høve til Løyvingsreglementet. Disse merknadene er teke omsyn til i kap. 8. Andre forslag frå høyringsinstansane om økonomiske forhold, t.d. å setje av beredskapsfond, er såleis ikkje tekne til følge.

Det er vidare teke omsyn til merknader av lovteknisk art frå respektive Finansdepartementet, Justisdepartementet og Forsvarsdepartementet, m.a. er deler av lovutkastet i høyringsforslaget teke ut av lovteksten og innarbeidd i tekstdelen.

Uttaler i forhold til forsikringsverksemdslova, forsikringsdirektiva i EØS-avtala og forsikringsavtalelova er gitt frå respektive Finansdepartementet/Kredittilsynet, Utanriksdepartementet og Justis- og politidepartementet. Disse uttalene er lagt til grunn i kap 6.1 i denne proposisjonen.

Statens varekrigsforsikring har m.a. peika på at med omsyn til det styret som skal utnemnast når den nye ordninga blir aktivert, er det viktig at interessene til så vel industrien og handelen som forsikringsnæringa blir ivaretekne.

GIEK har i høve til etablering av eit sekretariat peika på at GIEK kjenner driftsform og vilkår for varekrigsforsikring godt etter administrasjon av SVK frå 1994, og har det tekniske apparatet for å kunne drifte ei beredskapsordning slik som skisert av departementet.

#### *Merknad frå departementet*

Når det gjeld noko ulike syn i høve til verkeområde og avgrensing av «ekstraordinære kriseforhold» har departementet teke inn i teksten enkelte tilføyningar. Departementet legg vekt på at det ved iverksetjing av lova må finne stad ei vurdering og tilråding der også andre departement kan fremje synspunkt.

## **8 Økonomiske og administrative verknader**

Framlegget til lov gir nye rammer for forvaltninga av eit statleg tilbod om varekrigsforsikring, og angir ansvars- og styringsforhold for ei slik verksemd. Departementet meiner at framlegget til modell gjer det mogleg å aktivere ei effektiv ordning i ein situasjon med krig eller krise. Samstundes vil administrasjonen av den nye modellen i fredstid gi mindre kostnader sidan verksemda vil vere avgrensa til ei ordning i beredskap.

Etter statsbudsjettet 2003 er det att likvide midlar på om lag 160 mill. kroner under ordninga. Det er lagt til grunn at utgiftene med å etablere det nye beredskapssystemet blir dekte av midla i fondet i 2003. Etter at Statens varekrigsforsikring i si noverande form er avvikla, vil restmidla med unntak av 10 mill. kroner bli førte til inntekt i statsbudsjettet.

Det nye systemet inneber at plikter som er inngått under Statens varekrigsforsikring vil bli avvikla etter dei avtaler som gjeld for polisane. Departementet legg til grunn at pliktene som er inngått i all hovudsak vil vere avslutta innan utgangen av 2003. Om det likevel er plikter i 2004 skal krav behandlast av sekretariatet for den statlege varekrigsforsikringsordninga på vegner av departementet.

Innføring av lov om statleg varekrigsforsikring fører med seg risiko for at Staten kan pådra seg erstatningsutbetalingar utover det som blir dekt gjennom premieinnbetalingar. Regjeringa vil i samband med statsbudsjettet for 2004 be om fullmakt frå Stortinget til at Kongen i 2004 kan inngå avtaler om forsikringsansvar under beredskapsordninga for varekrigsforsikring innafor ei totalramme for nytt og gammalt ansvar på 1000 mill. kroner (fullmakt om «dekning av forikringstilfelle»). Nivået på ei slik fullmakt er sett ut frå at uteståande forsikringsansvar pr. dag under gjeldande ordning med varekrigsforsikring – ved drift i fredstid – kan vere på denne storleiken. Ein må vente at Regjeringa vil be om ei slik fullmakt i samband med dei årlege statsbudsjetta under Nærings- og handelsdepartementet.

Dersom det blir behov for utbetalingar i samband med forsikringsavtaler som er inngått under beredskapsordninga, vil Regjeringa i samsvar med § 11 i Løyvingsreglementet fremje forslag om tilleggsløyving, om mogleg før utgifta blir pådregen. Dersom saka hastar slik at ein ikkje kan vente med betaling til stortingsvedtak ligg føre, vil det bli fremja kongeleg resolusjon med samtykke til at utgifta blir pådregen og dekt. Regjeringa vil i etterhand leggje fram saka i proposisjon til Stortinget.

GIEK er i dag sekretariat for Statens varekrigs-

forsikring. Departementet vil vurdere korleis sekretariatsfunksjonen bør organiserast økonomisk og administrativt, men legg til grunn at det skal vere eit fast sekretariat for statleg varekrigsforsikring i fred så vel som i krise og krig. Det skal liggje føre ei avtale mellom departementet og sekretariatet. Departementet legg til grunn at utgifter til drift av det nye beredskapssystemet i fredstid vil bli dekte av dei årlege renteinntektene av fondet på 10 mill. kroner.

## 9 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

### Til § 1:

§ 1 definerer den ytre ramma for verksemda og verkeområde i tid, når tilbodet om varekrigsforsikring skal setjast i verk og i tilfelle avsluttast. «Ekstraordinære kriseforhold» er meint å dekkje situasjonar der det ikkje ligg føre krig eller krigsfare, men alvorlege hendingar som grip inn i vanleg verksemd. Politiske opptøyar og streik fell i utgangspunktet ikkje under dette omgrepet.

### Til § 2:

§ 2 første ledd set fast føremålet og det saklege verkeområdet til ordninga med statleg varekrigsforsikring. Føremålsparagrafen er i all hovudsak ei videreføring av føremåla til den noverande ordninga. Ein har såleis god røynsle med avgrensing av verkeområdet. Den nye lova vil i utgangspunktet ikkje dekkje høve der to utanlandske føretak sender varer mellom stader i utlandet.

Paragrafen opnar i *andre ledd* for at andre interesser kan bli dekte gjennom statleg varekrigsforsikring enn dei som er nemnde i § 2 første ledd nr. 1 og 2. Her kan det vere aktuelt å dekkje krigsrisiko for varetransport som til dømes ikkje gjeld norske interesser, men som norske styresmakter av særskilde årsaker ser seg tent med å dekkje eller har folkerettsleg plikt til å dekkje.

### Til § 3:

Paragrafen gir heimel for å opprette eit styre som kan behandle den daglege drifta av varekrigsforsik-

ringsordninga. Eit slikt styre må vere planlagt og byggje på eit «forsikringsforum» og personar med m.a. forsikringsfagleg kompetanse. Det faste sekretariatet skal og vere sekretariat for styret.

### Til § 4:

Paragrafen gir heimel for å fastsetje forskrifter til lova. Lova pålegg ikkje plikt til å utarbeide forskrifter.

### Til § 5:

Paragrafen gjeld oppheving av og endringar i andre lover. *Første ledd* set fast at den nye lova erstattar lov av 3. desember 1948 nr. 8 om Statens varekrigsforsikring, som vert oppheva.

I *andre ledd* vert det presisert at forsikringsavtaler som er inngått etter den gamle lova gjeld til dei vert terminerte og pliktene etter avtalene er gjort opp («sikringsføresegn»).

*Tredje ledd* gjeld endring i lov av 17. juli 1953 nr. 2 om erstatning for krigsskade på eigedom og interesse (Krigsskadelova). I lova er det vist til lov 3. desember 1948 om Statens Varekrigsforsikring i føresegna om ikraftsetjing, § 36 andre ledd nr. 4. Det går fram av føresegna at føresegnene i lov om Statens varekrigsforsikring gjeld uendra til Kongen fastset noko anna. Dette blir gjort i og med ny lov om statleg varekrigsforsikring. Av denne grunn må tilvisinga til den gamle lova frå 1948 i § 36 andre ledd nr. 4 takast ut. Departementet kan heller ikkje sjå at det er naudsynt å vise til den nye lova om statleg varekrigsforsikring i Krigsskadelova.

### Til § 6:

Etter denne paragrafen vert lova sett i verk frå den tid Kongen fastset.

Nærings- og handelsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om statleg varekrigsforsikring.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om statleg varekrigsforsikring i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til lov om statleg varekrigsforsikring

### *§ 1 Iverksetjing og avslutting av tilbod om statleg varekrigsforsikring*

Kongen kan fastsetje at Staten skal tilby varetransportforsikring mot krig, krigsfare eller ekstraordinære kriseforhold i Noreg eller utlandet («varekrigsforsikring») for så vidt det får følgjer for norske interesser og slike omstende kan hindre forsying og varetransport dersom det private forsikringstilbodet opphøyrer, kan kome til å opphøyre eller ikkje dekkjer ein slik situasjon.

Kongen kan avslutte tilbodet om statleg varekrigsforsikring dersom dei vilkår som er fastlagde i første ledd ikkje lenger er til stades.

### *§ 2 Verkeområde*

Staten kan tilby varetransportforsikring mot krig, krigsfare eller ekstraordinære kriseforhold av:

1. varer som blir sende til, frå eller innafor norsk område, og når det er norske interesser som blir dekte, også av varer som blir sende mellom stader i utlandet.
2. norske reiarar og tidsbefraktarar si frakt på reisebasis, befraktingskommisjon og havaripengar i risiko for norske forsikringstakarar.

Andre interesser Kongen eller den han gir mynde fastset kan bli dekte.

### *§ 3 Organisering*

Ved iverksetjing av statleg varekrigsforsikring som fastlagt i § 1 kan Kongen bestemme at det blir oppretta eit styre med leiar og så mange medlemmer som departementet fastset. Styret skal ha ansvaret for den daglege leiinga og drifta av varekrigsforsikringsordninga. Det skal og vere eit eige sekretariat.

### *§ 4 Forskrifter*

Kongen kan gi nærare forskrifter om gjennomføring av denne lova.

### *§ 5 Oppheving av og endringar i andre lover*

Lov av 3. desember 1948 nr. 8 om Statens varekrigsforsikring vert oppheva.

Forsikringsavtaler som er inngått etter lov av 3. desember 1948 nr. 8 om Statens varekrigsforsikring gjeld inntil dei blir terminerte og plikter etter forsikringsavtalene er gjort opp.

I lov av 17. juli 1953 nr. 2 om erstatning for krigsskade på eigedom og interesser vert § 36 andre ledd nr. 4 oppheva.

### *§ 6 Iverksetjing*

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

---